



miljøpartiet  
dei grøne

LOKALE LØYSINGAR

PÅ GLOBALE

PROBLEM



FOR MENNESKE

OG MILJØ

TA VAR  
FRAM  
>RØYST miljøpartiet  
dei grøne



# NATALIA A. GOLIS

1. kandidat

## KLIMA OG MILJØ

Miljøpartiet Dei Grøne er den **einaste garantisten** for at klima og miljø vert sett øvst på dagsorden. Det er den **største utfordringa** vår.

I Kvam stiller Miljøpartiet Dei Grøne til val for at kommunen skal verta Vestlands grønaste kommune, med eit sterkt og miljømedvite næringsliv og ei drift av kommunen som er basert på grøne og miljøorienterte prinsipp.

Me vil jobba for at omsyn til miljø og klima vert vektlagt i alle vedtak. I Kvam skal me føra ein politikk for å oppfylle 1,5 graders-målet i Paris-avtalen.

Heradet sin plan for klima, miljø og naturmangfald vert eit viktig verkemiddel og det skal vere ein eigen post i budsjettet for gjennomføring av planen.

# KVAM MDG VIL

- Ha ein ambisiøs klimaplan med midlar til gjennomføring av tiltak avsett i budsjett.
- Ha høg beredskap på klimatilpassing.
- Framtidsretta akvakultur, krevja null-utslepp ved alle nye konsesjonar
- Ta betre vare på dyrka mark og naturområde
- Miljø og klima skal vera ein vesentlig faktor ved alle kommunale innkjøp
- At landbruket skal vera ein del av klimaløysinga ved å leggja meir vekt på jordhelse og evna til å lagra karbon i jorda.
- Prioritera trafikktryggleik, setja ned fartsgrensa til 40 km/t i tettbygde strok og til 30 km/t ved skular og barnehagar
- Greia ut betre kollektivtrafikk i heradet og m.a. arbeida for ei direkte pendlarrute frå Norheimsund til Bergen, med buss og tog.
- Gjennomføra elektrifiseringa av den kommunale bilparken, få fleire ladestasjonar i heile kommunen, t.d. Strandebarm, Tørvikbygd, Øystese og Ålvik.



**KARI MOSTAD**

2. kandidat

## **GRØNT NÆRINGS LIV OG SAMFERDSEL**

**Kva skal me leva av ?**

Økonomi og økologi må sjåast i samanheng. Me skal leggja til rette for og skapa trygge arbeidsplassar som rustar kommunane til ei framtid utan olje.

Kvam herad skal leggja til rette for nyskaping og gründerånd. Svært mange framtidige jobbar kjenner me ikkje enno. Kvam MDG vil arbeida for arbeidsplassar i lokal produksjon av mat og matforedling.

Næringsfond i kommunen som kraftfondet er viktig, og for å få tilskot frå fondet må prosjekta vurderast i høve til miljøberekraft. Dette må også gjelda bruk av havbruksfondet.

# KVAM MDG VIL

- Sikra og styrka vidaregåande utdanning i praktiske og teoretiske fag i kommunen.
- Leggja til rette for gründerverksemd og nyskaping, kontorhotell for fellesskap, kreativitet og redusert behov for å pendla.
- Utsleppsfri akvakultur basert på kortreist fôr. Ingen anlegg midtfjords, som ved Kvamsøy.
- Avfall og fôrrestar er ein ressurs. Det må leggjast til rette for at den ressursen kan resirkulerast og brukast.
- Lokal kultur og natur er grunnlag for kortreist opplevings-turisme. Begrensa støyande turisme, til dømes ribbåt, sjøfly og zipline.
- Få gode ringverknadar av etableringa av Hardangerbadet med opplevingsstilbod frå fjord til fjell.
- Arbeida for at landbruksproduksjonen i størst mogeleg grad skjer på gardens ressursar. Auka produksjonen av frukt og grønt, jobba for og støtta lokal foredling.
- Leggja til rette for andelslandbruk slik at folk utan jord, kan møtast og dyrka mat i lag.
- Rassikringsprosjektet i Tokagjelet må koma i gang så snøgt som råd.

A man with short hair, wearing a teal and white striped long-sleeved shirt, stands in the foreground. Behind him is a scenic landscape featuring a valley with a small village, a lake, and snow-capped mountains under a clear blue sky.

# BJØRN LINGENER

## 3. kandidat

## BYGDENE VÅRE ER VIKTIGE LOKALSAMFUNN

Menneskevenlege samfunn er eit grunnleggjande mål for MDG. Lokalsamfunna er ein hjørnestein for å skapa dette. Kommunen skal utvikla sterke og levande bygdesentrum med gode felles møteplassar, grøne område, leikeplassar og gangveggar.

Me vil styrke folkehelsearbeidet og ha fokus på psykisk helse, særleg hos born og unge. Barnehage og skule legg grunnlaget for framtida. Ved å leggja til rette for meir leik og bruk av naturen, kan borna få meir variert tilbod og glede inn i barnehage og skule.

Flyktningar og andre som er på utsida av arbeidsmarknaden, må få betre hjelp og lettare tilgjenge til arbeid. Kommunen kan ta mot fleire flyktningar. Det frivillige arbeidet må uvidast for å skapa møtestadar og venegrupper for å meistra språk og læra om daglegliv i Kvam.

# KVAM MDG VIL

- Styrka arbeidet til utekontakten og helsesøster. Sikra tidleg førebyggjande hjelp til familiar som slit.
- Gje alle elevar god læring på skulen, og eit gratis måltid i skuletida.
- Skapa gode vilkår for frivillig arbeid
- Auke kvaliteten på SFO og finna løysingar som kan føra til lågare eigendel i SFO og kulturskule. Sikra at familiar med dårleg råd også deltek.
- Gjennomføra sentrumsprosjekt i Ålvik, skapa gode og trygge rammer i kommunesentra og stimulera til fleire LivOGLyst prosjekt i kommunen.
- Få fleire gang- og sykkelveggar og rydda eller laga snarveggar.
- Arbeida for heilårs gang- og sykkelveg Kvamskogen – Norheimsund
- Arbeida for turløype for sommar- og vinterbruk Kvamskogen – Sjusete – Fitjadalen.
- Greia ut gode løysingar for kollektive buformer med gode uteområde for ulike gruppe.
- Sikra gratis sykkellading og trygg sykkelparkering i bygdesentra.



Linda Lid

Kari Mostad

Bjørn Lingener

Natalia Golis

Farhio Ahmed Sahal

Torbjørn Fosso

## MDG VIL GJERA KVAM TIL DEN GRØNASTE KOMMUNEN I VESTLAND

Verda og Noreg står ved eit vegskilje. Dei Grøne vil ha eit samfunn der me har gode liv utan å øydeleggja for barn, barnebarn eller naturen. Dei grønne politikarane vil leia snuoperasjonen for å redde livsgrunnlaget vårt, kutta klimagassutslepp og skapa velferd i framtida.

Ynskjer du ei ny retning i politikken med menneske og miljø i sentrum, stem Miljøpartiet Dei Grøne!

Les meir om programmet til  
Kvam MDG:

[www.kvam.mdg.no](http://www.kvam.mdg.no)

[facebook.com/kvamMDG](https://facebook.com/kvamMDG)

MDG.no

miljøpartiet  
dei grønne

kvam